

Saknummer: 04/01564  
Løpenummer: 006845/04  
Arkivkode: 026  
Saksbehandlar: Reidun K. Halland

GULEN KOMMUNESTYRE  
Rett særutskrift av sak nr. 109/04  
i møtet den 20.12.04  
Av 21 medlemmar var 21 tilstades.

RT

**MØTEBOK**  
**Gulen kommune**

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0103/04	Kommunestyret	11.11.2004
0109/04	Kommunestyret	20.12.2004

**REGION-INNDELING**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Kommunal og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune, v/Fylkesrådmannen, Askedalen 2, 6863 Leikanger

**Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

**Sakstiltfang:**

Utsende vedlegg:

- Skriv frå kommunal og regionaldepartementet, datert 14.10.04 vedk. høyring på Distriktskommisjonen sin utredning
- Skriv frå Fylkesrådmannen, datert 20.10.04 vedk. utgreiing av ein eventuell Vestlandsregion. Premissar og innhald.

Ikkje utsende vedlegg:

•

**Saksutgreiing:**

Etter ynskje frå formannskapet vert det på bakgrunn av utsende skriv sett på sakskartet eigen sak.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 11.11.2004:**

**Nye framlegg:**

**Felles framlegg:**

1. Det vert sett ned ei gruppe bestående av 1 frå kvar av dei politiske partia. I tillegg vert det invitert med 1 representant frå ungdomsrådet.
2. Gruppa får som ansvar å greie ut saka med frist 10. desember.

**Røysting:**  
Samrøystes.

**Vedtak:**  
Felles framlegg til vedtak vert godkjent.

**Til møte i kommunestyret 20.12.04:**

Til møte ligg føre framlegg til høyringsuttale frå den tverrpolitiske gruppa valt i møte 11.11.04.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 20.12.2004:**

**Nye framlegg:**

Ap kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Ein region med "Vestlandsidentitet" som består av Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre med Bergen som kraftsenter.
2. som før
3. Regionen skal ha reell styringsrett over oppgåver som: Heilskapleg Regionutvikling, Samferdsle og Vegpolitikk, Forskning, Høgskule og Universitets utdanning, Helse og omsorgsteneste, Kultur.
4. Ein reell styringsrett føreset at regionen har avgjerande innverknad på ressursforvaltninga.

Sp kom med slikt framlegg til nytt punkt:

Dagens fylker vert oppretthalde som valkrinsar for val av representantar til Stortinget.

Krf kom med slikt framlegg til endring:

Pkt. 1: siste setning går ut.

Pkt. 3: erstatte "helse og omsorgstenester" med "og spesialisthelsetenestene"

**På grunnlag av prøverøysting vart det fremma slikt framlegg til vedtak:**

1. Ein region med "Vestlandsidentitet" Vestlandsregion som består av Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre.
2. Det skal vere eit folkevalt nivå med hovudoppgåve å styrke det Regionale styringsnivået.
3. Regionen skal ha reell styringsrett over oppgåver som: Heilskapleg Regionutvikling, Samferdsle og Vegpolitikk, Forskning, Høgskule og Universitets utdanning, Kultur og Spesialisthelsetenestene.
4. Ein reell styringsrett føreset at regionen har avgjerande innverknad på ressursforvaltninga.
5. Dagens fylker vert oppretthalde som valkrinsar for val av representantar til Stortinget.

**Røysting:**  
Samrøystes.

**Vedtak:**

1. Ein region med "Vestlandsidentitet" Vestlandsregion som består av Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre.
2. Det skal vere eit folkevalt nivå med hovudoppgåve å styrke det Regionale styringsnivået.
3. Regionen skal ha reell styringsrett over oppgåver som: Heilskapleg Regionutvikling, Samferdsle og Vegpolitikk, Forskning, Høgskule og Universitets utdanning, Kultur og Specialisthelsetenestene.
4. Ein reell styringsrett føreset at regionen har avgjerande innverknad på ressursforvaltninga.
5. Dagens fylker vert oppretthalde som valkrinsar for val av representantar til Stortinget.

